

# ÅRSMELDING 2009 FOR TTBU

Tiltak og tenester for barn og unge (TTBU) har igjen vore gjennom eit aktivt år med stor etterspurnad etter våre tenester. Alle avdelingane har større etterspurnad enn vi kan stette, og vi må derfor slå fast at Kvinnherad kommune, på våre ansvarsområde, ikkje gir tilbod til innbyggjarane i det omfanget dei ønskjer.

TTBU representerer størstedelen av det førbyggjande arbeidet mellom barn og unge i kommunen, og med store og små stillingar er vi om lag 150 medarbeidarar. Dette talet har vore stabilt dei siste åra. I tillegg kjøper vi eksterne tenester til nokre barn som treng omfattande tiltak etter sosialtenestelova.

I 2009 har vi arbeidd med å bli betre til systematisk tidleg intervensjon i forhold til barn og familiar med ulike vanskar. Vi har starta vidareutdanning i PMTO (Parental Management Training - Orion) for nokre medarbeidarar, vi gir rettleiing i PALS (Positiv Åtferd, støttande Læringsmiljø og Samarbeid) til nokre av dei større barneskulane, og vi har hatt ein felles kursdag for barnehagar og helsestasjonar om Tidleg Intervensjonsprogrammet dei nyttar i Trondheim. PP-tenesta har, ved hjelp av Marte Meo metodikk, utvikla eit eige program for betre klasseleiing. Det har blitt svært etterspurd av skulane, og også andre kommunar ber om informasjon om det. PP-tenesta arbeider og med å utvikle gode måtar å snakke med barn og foreldre om familien si livshistorie, noko mange opplever som ein nyttig terapeutisk intervensjon.

TTBU ønskjer å gje tilbod til barn og unge på gruppenivå. Vi har i 2009, i samarbeid med spesialisthelsetenestene, drive ei gruppe for barn av rusmisbrukande og psykisk sjuke foreldre. Dette vart opplevd som eit positivt tiltak av dei som fekk delta. Mykje tyder på at det er viktig for barn og unge å få kjennskap til at også andre slit med dei same utfordringane som dei sjølve, og opplærings-/ samtalegrupper kan vere eit nyttig verktøy i denne samanheng.

Vi har også arbeidd med å vidareutvikle kompetansen i systematisk barnevernsarbeid, og opplever at dette gjer oss enda meir effektive innan dette området. Vi ser det som nyttig og viktig å bygge vidare på denne kompetansen. Vi har fått tilgang til ny metodikk, og vi har gjort ei omorganisering slik at medarbeidarane no er delt i tre grupper: Ei gruppe som har hovudansvar for undersøking av nye meldingar, ei gruppe som har hovudansvar for å følgje opp saker der barnevernet er inne med tiltak, og ei miljøarbeidargruppe som og har ansvar for tilsyn og miljøarbeid i familiar der det er trong for det. I tillegg har denne gruppa ansvar for rekruttering og oppfølging av oppdragstakarar som støttekontaktar og besøksheimar. Dette rekrutteringsarbeidet har i 2009 vore vanskeleg, og vi strevar med å skaffe mange nok, og høvelege, oppdragstakarar. Nokre gonger fører det til at barn ikkje får dei tiltaka vi meiner dei burde hatt.

Kvinnherad kommune hadde pr. 31.12.09 ansvar for 16 barn i fosterheimar, hyblar eller på institusjon. Barnevernet forvaltar dette ansvaret, og føl opp gjennom jamnleg kontakt. I 2009 undersøkte vi omsorgssituasjonen til 101 barn nokon (ofte foreldre sjølv) hadde meint ikkje hadde tilfredstillande omsorg. For 61 av desse vart det sett i gang ulike hjelpetiltak, og 6 saker (barn) vart sendt til vurdering i Fylkesnemnda.

Vi har strevd med å halde fristen for undersøking under 3 månader, og i heile 41 saker brukte vi over 3 månader på undersøkinga. Dette kjem dels av forhold utanfor vår kontroll (andre som skal levere rapportar osv.), dels av redusert bemanning delar av året.

Jordmortenesta følgde i 2009 152 kvinner i barselstida fram mot fødsel med til saman 916 konsultasjonar. 99 gravide fekk følge til sjukehus, 2 fødde utanfor institusjon. Tenesta arrangerer også fødselsførebuande kurs.

Etter fødselen står helsestasjonen klar med vidare oppfølging. Alle nyfødde fekk 6 vekers kontroll, og alle 2-3 åringar var også til kontroll i 2009. Skuleborna vert vaksinert og fysisk helse sjekka, og dei får høve til å snakke med ein vaksen dersom dei ønskjer det. I 2009 møtte ma. 230 jenter og 17 gutar på helsestasjon for unge til samtale og undersøking.

496 barn og unge var enten sjølve eller gjennom foreldra i kontakt med PPT i 2009. Dei får utgreiing, hjelp og rettleiing i høve til sosiale forhold eller fag dei strevar med. Kring 2/3 av dei borna PP-tenesta arbeider med er gutar. I 2009 viser tala at det no skjer ei dreining i retning av at fleire av dei tilviste høyrer til i dei yngste aldersgruppene. Dette er ei ønska utvikling ut frå tanken om tidlegintervensjon.

PP-tenesta har venteliste som varierer i omfang i løpet av året. Ein kan risikere å måtte vente i inntil eit halvt år før ein kjem til, men dei fleste får dei tenestene dei ber om raskare enn det.

Også hos psykisk helsearbeidarane er det mange barn, unge og familiar som søker hjelp. Gjennom samtalar og grupper får ein støtte til å gjere positive endringar i livet sitt. I 2009 opplevde vi fleire gonger at ønsket om slik hjelp var større enn det vi rakk over, og det laga seg kortvarige ventelister. Dessverre går utviklinga i retning av at venteliste kan bli realiteten også for denne tenesta, sjølv om vi strekkjer oss langt for å unngå det.

For ungdomar representerer også Utekontakten gode og trygge vaksne som det er greitt å snakke med. Dei har samtalar med mange ungdomar, både individuelt og i grupper. I 2009 har dei talt 415 samtalar, men sidan dei ofte har fleire samtalar med same ungdomen, kan ein ikkje seie kor mange ungdomar det dreiar seg om. På ein gjennomsnittleg dag er Utekontakten i kontakt med 22 unge.

I år har medarbeidarane også vore ute natt til 1. Mai, natt til 17. Mai og den natta Krik arrangerer nattcup i innebandy på Husnes.

Utekontakten har dette året igjen etablert seg i Rosendal. Det ser ut til at ungdomane set pris på dette, og nyttar seg av tilbodet.

Hausten 2009 opplevde Utekontaktane at fleire unge tenåringar strevar fordi dei på ulike vis vert utsett for seksuelt press og trakassering. Ofte er det eldre gutar som står bak denne åtferda. Mange får hjelp individuelt i slike situasjonar, men samtidig arbeider Utekontakten for å endre haldningane til slik åtferd i ungdomsmiljøet.

Foreldre som har barn med store funksjonsvanskar brukar det meste av tida si til stell og tilsyn. Staten har derfor bestemt at det skal vere eit offentleg avlastingstilbod som gjev desse foreldra høve til litt fri av og til, aller helst slik at dei kan delta i det vanlege samfunnslivet. I Kvinnherad skjer dette gjennom bruk av støttekontakt (14 barn), privat besøksheim (7 familiar) og gjennom opphald på Villatoppen eller andre institusjonar (13 familiar). 10 familiar får også litt støtte i form av omsorgsløn.

Villatoppen har arrangert eitt foreldremøte for dei som får avlasting til borna sine der.

I 2009 fekk vi god hjelp av Kvinnherad Rotary til å male dei mest verutsette veggene på huset vårt.

Omfanget av oppgåver i TTBU er stort. Det gjer at vi er ein variert og spennande arbeidsplass, men fører også til at arbeidspresset vert så stort at medarbeidarar står i fare for å slite seg ut. Vi skulle gjerne hatt meir rom til å ta vare på den viktigaste innsatsfaktoren vår, medarbeidarane.

Vi har innsatsvillige og kunnskapsrike medarbeidarar som er flinke til å setje i gang tiltak med eigne krefter slik at vi slepp kjøpe kompetanse. Men det er ikkje lett å rasjonalisere omsorg for barn og unge, og eg er ikkje eingong sikker på at det er rett å gjere det. Derimot har vi redusert på alt anna, og vi bruker over 90% av budsjettet vårt til løn. Då blir det litt for lite igjen til kompetanseheving, materiell og til alle dei kostbare datalicensane vi må betale.

I 2009 brukte vi meir pengar enn budsjettet. Det gjorde vi også i 2008. Begge åra er årsaka avlastingstiltak som er langt meir ressurskrevjande enn vi har budsjettet med. Lågare forbruk enn venta i barnevernet bidreg begge åra til litt betre balanse i rekneskapen.

Lover, statlege retningsliner, og spesialisttenestene sine forventningar legg stadig nye omsorgsoppgåver over på kommunalt nivå. Der eit barn med store psykiske vanskar for nokre år sidan fekk plass på statleg finansiert institusjon, er det no kommunen som må etablere eit tilfredsstillande omsorgstilbod. Det kostar, og er ikkje lett å budsjettere. Vi håpar ofte at ein utsliten heim skal klare litt til, for når TTBU må gje mykje hjelp og støtte i omsorga så ryk budsjettet.

Staten refunderer ein del av utgiftene knytt til ressurskrevjande brukarar. Desse refusjonane vert ikkje ført i vårt rekneskap, og realiteten er derfor ikkje så stort overforbruk som tala viser.

Det er utfordringar knytt til det å yte gode tenester i eit avgrensa omfang. Rett som det er får vi i TTBU klager. Sjeldan på at tenestene er dårlege, men heller på at det er for lite av dei. Vi skulle vore fleir og gjort meir. I TTBU er vi etterkvart blitt svært flinke til å sjå på ventelister og ønskjer om meir kontakt med oss som eit flott kompliment, samstundes som vi tek utfordringar som ligg i dette svært alvorleg.

Husnes, 26.02.2010

Sturla Helland